



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	20.02.2025
Møtetid:	10:15 -16:30
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Kariann Ekren	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Bjarte Andvik	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Stian Sjøvik	medlem	SP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Aina Sleire	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP

Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Rigmor Søyvik	medlem	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Bjørn Egil Nordland	Rigmor Søyvik	SP
Marit Bjånes Bjørneklett	Torill Torsvik Størkersen	AP
Britt Inger Myhr	Mariann Fløtre Andvik	AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 1/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/2025	Møteprotokoll frå kommunestyremøte 12.12.24	
PS 3/2025	Søknad om permisjon/fritak off.verv - Pia Yvonne Jakobsen	
PS 4/2025	Handsaming av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2024 for Masfjorden kommune	
PS 5/2025	Slutthandsaming av rapporten Dokumentasjon av brann- og redningstenesta i Masfjorden kommune 2024	
PS 6/2025	Masfjordsambandet - tiltak framover	
PS 7/2025	Etablering av omsorgsbustader på Haugsvær	
PS 8/2025	Plan for førebygging av åtferdsvanskar og omsorgssvikt for barn, unge og deira familiar i Masfjorden kommune 2025-2029	
PS 9/2025	Forskrift om skulefritidsordning for Masfjorden kommune	
PS 10/2025	Forskrift om permisjon frå grunnskulane i Masfjorden kommune	
PS 11/2025	KS Debatthefte 2025 - Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet	
PS 12/2025	KS Debatthefte 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket	
PS 13/2025	Stordalen skisenter as - søknad om lån gjennom kraftfondet og kommunal lånegaranti	
PS 14/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 1/2025	Forskrift til skulerute og skule- barnehagerute for 2025 - 2026 Masfjorden kommune	

RS 2/2025	Innhenting av informasjon - Justering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden
RS 3/2025	Møteutskrift sak 08/25 Masfjorden kontrollutval
PS 15/2025	Interpellasjonar og spørsmål
FO 1/2025	Spørsmål frå V til helse- og omsorg
FO 2/2025	Spørsmål til ordførar

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 1/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 1/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 2/2025 Møteprotokoll frå kommunestyremøte 12.12.24

Marit Bjånes Bjørneklett (Ap) har følgjande innspel til møteprotokollen:

- Masfjorden Arbeidarparti trekk protokollført tekst under sak 108/24 av kommunestyremøte 12.12.24 vedk. interpellasjonen.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) har følgjande merknad til møteprotokollen:

- Venstre saknar at det vart protokollert at nestleiar i Eldrerådet Ivar Haukeland hadde eit innlegg før kommunestyret starta der hovudpunkta var møteprotokoll frå Eldrerådet, flaggreglar for flagging på kommunale flaggstenger og innsyn i postlista til kommunen.
 - det vart påpeikt under møte at flg tekst under referatsaker vart tatt med i protokollen for kommunestyremøte 12.12.24:

orientering frå nestleiar i Eldrerådet Ivar Haukeland om tema som eldrerådet er opptekne av og kommunikasjon med formannskapet og kommunestyret - særleg tema som gjeld flagging på skulane sine flaggstenger på raude dagar.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 2/2025 Møteprotokoll frå kommunestyremøte 12.12.24:

Møteprotokoll frå kommunestyremøte 12.12.24 vert godkjent, med fjerning av merknad under sak 108/2024.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 3/2025 Søknad om permisjon/fritak off.verv - Pia Yvonne Jakobsen

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 3/2025 Søknad om permisjon/fritak off.verv - Pia Yvonne Jakobsen:

Vedtak frå kommunestyret:

Pia Yvonne Jakobsen får fritak frå sine verv som folkevald og representant i teknisk utval og valutvalet for heile 2025.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 4/2025 Handsaming av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2024 for Masfjorden kommune

Einang Safety Consult AS v/Paul F. Henriksen orienterte om arbeidet med heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2024 for Masfjorden kommune.

Saka vart drøfta.

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram følgjande tillegg til framlegg til vedtak:

- Kommunestyret ber om at det blir lagt til daglegvarebutikkar under punkt 6.2.1, nr. 3

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet frå H vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 4/2025 Handsaming av heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2024 for Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner framlegg til Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2024 for Masfjorden kommune.

Det vert vist til dokument dagsett 23.12.2024.

Kommunestyret ber om at det blir lagt til daglegvarebutikkar under punkt 6.2.1, nr. 3

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 5/2025 Slutthandsaming av rapporten Dokumentasjon av brann- og redningstenesta i Masfjorden kommune 2024
Einang Safety Consult AS v/Paul F. Henriksen orienterte om arbeidet med Dokumentasjon av brann- og redningstenesta i Masfjorden kommune.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 5/2025 Slutthandsaming av rapporten Dokumentasjon av brann- og redningstenesta i Masfjorden kommune 2024:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten «Dokumentasjon av brann- og redningstenesta i Gulen og Masfjorden 2024 til vitring.»

Det vert vist til vedlagd dokument dagsett 10.01.2025

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 6/2025 Masfjordsambandet - tiltak framover

Ordførar sette fram justert og utvida framlegg til vedtak i møtet.

- Masfjorden kommune gjer om vedtak av den 31.05.2012, KS-045/12 VEDTAK: punkt 1 & 3. Masfjorden kommune har brukt mykje midlar og tid for å sikre framdrifta av prosjektet, og ser behov for dette framover og. Kommunen stiller totalt 40 mill. kroner disponibelt som eigenfinansiering av Masfjordsambandet. Med avsetningar jamfør vedtak av den 31.05.2012, KS-045/12 VEDTAK punkt 2. Dette inkluderer både tidlegare og framtidig utviklingsarbeid i kommunal regi for å drive prosjektet framover. Storleik og utforming av kommunal medfinansiering til fylkesprosjektet vert avklart i eigen avtale med Vestland fylkeskommune. Avtalen kan innebere finansieringsmodell kor fylkeskommunen tek opp eit lån og Masfjorden kommune dekkjer renter og avdrag av dette lånet.

Arbeidsgruppa for Masfjordsambandet (nedsett des 2023) får fullmakt til å prioritere aktuelle tiltak som det vert arbeid med. Aktuelle tiltak som krev finansiering vert innarbeidd løpande i budsjett/budsjettrevisjonar framover, slik at alle tiltak har budsjettheimel.

Framlegg til justert og utvida vedtak frå ordførar vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 6/2025 Masfjordsambandet - tiltak framover:

Masfjorden kommune gjer om vedtak av den 31.05.2012, KS-045/12 VEDTAK: punkt 1 & 3. Masfjorden kommune har brukt mykje midlar og tid for å sikre framdrifta av prosjektet, og ser behov for dette framover og. Kommunen stiller totalt 40 mill. kroner disponibelt som eigenfinansiering av Masfjordsambandet. Med avsetningar jamfør vedtak av den 31.05.2012, KS-045/12 VEDTAK punkt 2. Dette inkluderer både tidlegare og framtidig utviklingsarbeid i kommunal regi for å drive prosjektet framover. Storleik og utforming av kommunal medfinansiering til fylkesprosjektet vert avklart i eigen avtale med Vestland fylkeskommune. Avtalen kan innebere finansieringsmodell kor fylkeskommunen tek opp eit lån og Masfjorden kommune dekkjer renter og avdrag av dette lånet.

Arbeidsgruppa for Masfjordsambandet (nedsett des 2023) får fullmakt til å prioritere aktuelle tiltak som det vert arbeid med. Aktuelle tiltak som krev finansiering vert innarbeidd løpande i budsjett/budsjettrevisjonar framover, slik at alle tiltak har budsjettheimel.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 7/2025 Etablering av omsorgsbustader på Haugsvær

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og orienterte om saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 7/2025 Etablering av omsorgsbustader på Haugsvær:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune inngår kontrakt med Haugsvær Panorama AS om kjøp av 2 stk nøkkelferdige omsorgsbustader på Gnr. 47 b.nr. 84, adresse Haugsvær i Masfjorden.

Kostnadsramme for prosjektet vert sett til inntil kr. 8.288.000,-.

Overlevering innan juni 2026.

Eit vilkår for å inngå kontrakt med Haugsvær Panorama AS om kjøp av omsorgsbustadene er at Husbanken godkjenner prosjektet for investeringstilskot til omsorgsbustader.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 8/2025 Plan for førebygging av åtferdsvanskar og omsorgssvikt for barn, unge og deira familiar i Masfjorden kommune 2025-2029

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og orienterte kort om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 8/2025 Plan for førebygging av åtferdsvanskar og omsorgssvikt for barn, unge og deira familiar i Masfjorden kommune 2025-2029:

Vedtak frå kommunestyret:

Plan for førebygging av åtferdsvanskar og omsorgssvikt for barn, unge og deira familiar i Masfjorden kommune 2025-2029 vert vedteken slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 9/2025 Forskrift om skulefritidsordning for Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Kariann Ekren (H) sette fram følgjande tilleggspunkt til framlegg til vedtak:

- Kommunestyret ber om ei sak på endring av barnehage- og sfo-året frå 15.august til 1.august

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet frå H vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 9/2025 Forskrift om skulefritidsordning for Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Forskrift for skulefritidsordninga for Masfjorden kommune vert vedteken slik det ligg føre.

Kommunestyret ber om ei sak på endring av barnehage- og SFO-året frå 15.august til 1.august

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 10/2025 Forskrift om permisjon frå grunnskulane i Masfjorden kommune

Saka vart drøfta.

Gunnar Andvik (H) sette fram følgjande tilleggspunkt:

- Skulen kan innvilga permisjon utover 10 dagar dersom sterke velferdsmessige grunnar talar for dette.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilleggspunktet frå H vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 10/2025 Forskrift om permisjon frå grunnskulane i Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Forskrift om permisjon frå grunnskulane i Masfjorden kommune vert vedteken slik ho ligg føre med følgjande tilleggspunkt:

- Skulen kan innvilga permisjon utover 10 dagar dersom sterke velferdsmessige grunnar talar for dette.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 11/2025 KS Debattheft 2025 - Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet

Rådmannen sette fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Svar til punkt 1 under Folkevalde:

Sikre godt samarbeid mellom politikk og administrasjon, og realisme i det ein skal følgje opp og levere. Ikkje love meir enn kva ein kan makte å levere, skape tillit. Bidra med faktabasert informasjon. Oppleverer i for stor grad at det vert skapt forventingar nasjonalt om tenester og rettar, som kommunane i for liten grad vert sett i stand til å følgje opp, og som dermed skaper unødvendig forventningsgap.

Svar til punkt 2 under Folkevalde:

Jobbe for betre avklaringa i forhold forventingar nasjonalt om tenester og rettar, med sikte på å redusere forventningsgap – meir samsvar mellom økonomiske ramme og oppgåver. Halde fram/utvikle folkevaldopplegg, informasjonsmateriell/ heimesida etc.

Svar til punkt 3 under Innbyggjarar:

Viktig med god utadretta dialog – kommuneTv – Masfjordingen etc. Viktig å prioritere innanfor gitte rammer, ikkje skape urealistiske forventningar, unngå overbod, tilpasse drift og investering i tråd med kva ein til ei kvar tid har berekraftig økonomi til å klare.

Svar til punkt 4 under Nasjonale myndigheiter :

Gode analysar og faktagrunnlag på vegne av kommunane, tett dialog med kommunane som underbyggjer faktagrunnlaget, kommunane har ulike føresetnader for å løysa sine oppgåver – det krev rom for lokale løysingar, generelt må KS tale kommunane si sak

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå rådmannen sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 11/2025 KS Debattheft 2025 - Frå forventning til verkelegheit – om forventningsgapet:

Svar til punkt 1 under Folkevalde:

Sikre godt samarbeid mellom politikk og administrasjon, og realisme i det ein skal følgje opp og levere. Ikkje love meir enn kva ein kan makte å levere, skape tillit. Bidra med faktabasert informasjon. Oppleverer i for stor grad at det vert skapt forventingar nasjonalt om tenester og rettar, som kommunane i for liten grad vert sett i stand til å følgje opp, og som dermed skaper unødvendig forventningsgap.

Svar til punkt 2 under Folkevalde:

Jobbe for betre avklaringa i forhold forventingar nasjonalt om tenester og rettar, med sikte på å redusere forventningsgap – meir samsvar mellom økonomiske ramme og oppgåver. Halde fram/utvikle folkevaldopplegg, informasjonsmateriell/ heimesida etc.

Svar til punkt 3 under Innbyggjarar:

Viktig med god utadretta dialog – kommuneTv – Masfjordingen etc. Viktig å prioritere innanfor gitte rammer, ikkje skape urealistiske forventningar, unngå overbod, tilpasse drift og investering i tråd med kva ein til ei kvar tid har berekraftig økonomi til å klare.

Svar til punkt 4 under Nasjonale myndigheiter :

Gode analysar og faktagrunnlag på vegne av kommunane, tett dialog med kommunane som underbyggjer faktagrunnlaget, kommunane har ulike føresetnader for å løysa sine oppgåver – det krev rom for lokale løysingar, generelt må KS tale kommunane si sak

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 12/2025 KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket

Rådmannen sette fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Svar til punkt 5. under Mellomoppgjeret 2025:
KS bør prioritere generelle lønstillegg, samt styrke tillegg for arbeid på kveld, natt og helg. Det er ikkje behov for ein pott til lokale forhandlingar i år. Kommunal sektor må ha eit lønsoppgjer som konkurrerer godt om arbeidskrafta.

Svar til punkt 6 under Strategisk utvikling av avtaleverket:

Dagens system fungerer godt, men det bør vera rom for drøftingar for å møte framtidig mangel på kompetanse og arbeidskraft innan enkelte sektorar.

Svar til punkt 7 under Strategisk utvikling av avtaleverket:

Det er behov for større fridom for partane lokalt i fastsetjing av ulike arbeidstidsordningar. Det er behov for at skal-formuleringar i normer og reglar vert erstatta med bør- formuleringar eller på anna vis modererast vesentleg. Det er behov for ulike verkemidlar for å tilpassa seg lokale behov. Det er bra med prosjekt som Tørn som blant anna tek for seg oppgåvedeling og bruk av kompetanse, og har fokus på lokale samarbeidsforhold.

Saka vart drøfta.

Britt Inger Myhr (Ap) sette fram framlegg om å stryke første setninga under pkt 7 - Det er behov for større fridom for partane lokalt til fastsetjing av ulike arbeidstidsordningar.

Røysting: Det vart først røysta over framlegget frå Ap. Framlegg frå Ap om å stryke første setninga under pkt 7 fall med 8 (Sp, Ap og V) mot 9 røyster

Ein røysta så over framlegg til vedtak frå rådmannen. Framlegg til vedtak frå rådmannen sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 12/2025 KS Debattheft 2025. Frå forventning til verkelegheit – om mellomoppgjeret 2025 og strategisk utvikling av avtaleverket:

Svar til punkt 5. under Mellomoppgjeret 2025:

KS bør prioritere generelle lønstillegg, samt styrke tillegg for arbeid på kveld, natt og helg. Det er ikkje behov for ein pott til lokale forhandlingar i år. Kommunal sektor må ha eit lønsoppgjer som konkurrerer godt om arbeidskrafta.

Svar til punkt 6 under Strategisk utvikling av avtaleverket:

Dagens system fungerer godt, men det bør vera rom for drøftingar for å møte framtidig mangel på kompetanse og arbeidskraft innan enkelte sektorar.

Svar til punkt 7 under Strategisk utvikling av avtaleverket:

Det er behov for større fridom for partane lokalt i fastsetjing av ulike arbeidstidsordningar. Det er behov for at skal-formuleringar i normer og reglar vert erstatta med bør-formuleringar eller på anna vis modererast vesentleg. Det er behov for ulike verkemidlar for å tilpassa seg lokale behov. Det er bra med prosjekt som Tørn som blant anna tek for seg oppgåvedeling og bruk av kompetanse, og har fokus på lokale samarbeidsforhold.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 13/2025 Stordalen skisenter as - søknad om lån gjennom kraftfondet og kommunal lånegaranti

Veronika Hjartholm (H), Geir Egil Haugsvær (Sp) og Bjørn Egil Nordland (Sp) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak (0/2025 Stordalen skisenter as - søknad om lån gjennom kraftfondet og kommunal lånegaranti.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav e, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Haugsvær er inhabil sidan han er styreleiar i Stordalen skisenter AS.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Hjartholm og Nordland er inhabil sidan dei begge er med i styret i IL Bjørn West.

Geir Egil Haugsvær, Veronika Hjartholm og Bjørn Egil Nordland deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Saka vart drøfta.,

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes (14 røyster) vedteke.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 13/2025 Stordalen skisenter as - søknad om lån gjennom kraftfondet og kommunal lånegaranti:

Vedtak frå kommunestyret:

- 1.Stordalen skisenter as får tilbud om lån gjennom kraftfondet med kr. 500.000 til investeringsføremålet isolert hall.
- 2.Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
- 3.Lån med pant i utstyr/hall
- 4.Frist med å nytte lånet vert sett til den 20.02.2026
- 5.Unyttta del av tildelt tilskot jf. Kommunestyresak 59/22 av den 31.10.2022 med kr. 250.000,- kan nyttast til dette investeringsføremålet
- 6.Om nødvendig for å få eksterne lån/akseptable lånevilkår, kan Masfjorden kommune stille med lånegaranti på inntil kr. 500.000 jf. kommunelova § 14-19, 2.ledd

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 14/2025 Referat- og orienteringssaker

Orienteringar:

- ABO Plan & Arkitektur v/Aina Tjosås orienterte om arbeidet med samfunnsplanen
- Leiar av Frivilligsentralen Kristin Kvamme Rasch orienterte om arbeidet med Masfjorden Frivilligsentral sidan opninga i oktober 2023
- Pia Krüger Grönqvist orienterte om arbeidet som Krisesenteret gjer

Referatsaker:

- Forskrift til skulerute og skule- og barnehagerute for 2025-2026 Masfjorden kommune
- Innhenting av informasjon - justering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden
- Møteutskrift sak 08/25 Masfjorden kontrollutval
 - leiar i Masfjorden kontrollutval gjekk gjennom årsmeldinga til kontrollutvalet

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 14/2025 Referat- og orienteringssaker:
Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 15/2025 Interpellasjonar og spørsmål

1. Tildeling av helse- og omsorgstenester – tenesteskildring med kriteria og moment for vurdering (Sak 29/2024)

Svar frå helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset til spørsmål frå V:

Forvaltningskontoret for helse og omsorg handsama totalt 312 saker i 2024. Av desse sakene var det 128 nye søknader. Resten gjeld revidering av vedtak om tenester (ved justering av omfang), eigenbetaling og etteroppgjer.

Kan dessverre ikkje samanlikna med andre år då me skifta pasientjournal og sakshandsamingsprogram i 2023. Ikkje mogleg å skilje ut og få oversikt over tidlegare år pga. dette skiftet.

Det peikar seg ut mange søknader om korttids plass på sjukeheimen i samband med utskrivning frå sjukehus. I tillegg mange søknader om langtids plass på sjukeheimen – fleire søknader enn plassar me har kunna innvilga lokalt. Har måtte kjøpe sjukeheims plass i nabokommune for å ivareta behovet for korttids plassar. I tillegg ser me stor etterspørsel og søknader om dagtilbod på sjukeheimen.

(Forvaltningskontoret handsamar henvendingar/søknader i hovudsak på korttids plass, langtids plass, dag/natt opphald, avlastning, dag- og aktivitetstilbod, heimesjukepleie, praktisk bistand, støttekontakt, følgjekort, parkeringsløyve, koordinator/IP, barnekoordinator, tryggleiksalarm, velferdsteknologi, logoped for vaksne, middagslevering. Bistår psykisk helse og evt. fysio/ergo med handsaming av søknader og vedtak ved behov der det er aktuelt.

2. Spørsmål kring streaming

Svar frå ordførar til spørsmål frå V om streaming:

Det er opp til kommunestyret å bestemme kor lenge kommunestyra skal ligge ute tilgjengeleg. Praksisen til nå har vert at møtet ligg ute frå møte til møte. Det gir innbyggjarane god tid til å gå innpå og sjå streaminga. Om kommunestyret ønsker lenger tid er det opp til kommunestyret å bestemme.

Kommunestyret vedtok samrøystes at spørsmål om kor lenge opptak av kommunestyremøte skal ligge tilgjengelege på nett, skal opp som eiga sak.

Vedtak frå Kommunestyret - 20.02.2025 av sak 15/2025 Interpellasjonar og spørsmål:

Spørsmål og svar til sak Interpellasjonar og spørsmål vert tekne til vitring.